

## Prosjektskildringar BARK-søknader Hordaland 2017

---

Prosjekta er dels skildra i dette dokumentet. Vedlagt søknaden ligg i tillegg søknadene slik dei vart levert til Hordaland fylkeskommune. Det som framkjem i dette dokumentet er ei kort skildring av dei einskilde prosjekta med vekt på målet for prosjektet og kostnadsoverslag og finansiering. Sjå vedlagte søknader for informasjon om kommunal forankring av prosjekta i kulturminneplanar og liknande, informasjon om parkering, lokalt engasjement, framdriftsplan, med meir.

Prosjekt	ID	Mål	Kommune	Kostnad	Omsøkt tilskot
Sokkamyro	66745	Formidling av steinalderlokalitet	Bømlo kommune	159.495,-	79.747,-
Gildeskålbakken	60597	Skilting av mellomaldertuft	Stord kommune	50.000,-	24.000,-
Kvalvågen	97070 m.fl	Forprosjekt for formidling og tilrettelegging	Sund kommune	530.000,-	265.000,-
<b>SUM</b>				739.495,-	368.747,-

Det er ikkje utarbeidd skjøtselsplan for Sokkamyro, då Bømlo kommune ikkje har tatt ei avgjerd kring trongen til tilrettelegging. Det vert i dag gjort skjøtsel på kulturminnet av Langevåg Bygdatun, og Hordaland fylkeskommune vil sikra at dette arbeidet held fram. Når det vert tatt ei avgjerd knytt til tilrettelegging vil Hordaland fylkeskommune utarbeida skjøtselsplan for lokaliteten. Fylkeskommunen vil òg utarbeida formell skjøtselsplan for mellomaldertuft på Gildeskålbakken i Stord kommune. Det eksisterer her avtale om skjøtsel og det er lagt fram retningslinjer for korleis arbeidet skal gjerast, men det er ikkje skrive ein formell skjøtselsplan. Hordaland fylkeskommune vil gjera dette snarleg. Det vil ikkje verte utarbeidd skjøtselsplan i tilknytning til forprosjekt for Kvalvågen, med mindre det under arbeid med forprosjektet kjem ynskje om oppstart av skjøtsel og rydding i området.

Det er ikkje sett opp eigeninnsats for Hordaland fylkeskommune i kostnadsoverslaga for prosjekta. Det må likevel påreknast betydeleg eigeninnsats for Hordaland fylkeskommune i alle prosjekta i form av oppfølging, kvalitetskontroll og utarbeiding av skjøtselsplan.

# Sokkamyro, Bømlo kommune

Søklar: Bømlo kommune  
Formidling av steinalderlokaltet  
Askeladden ID: 66745

## Prosjektet

Bømlo kommune fekk i 2016 tildelt midlar gjennom BARK til gjennomføring av eit forprosjekt som skulle sjå på moglegheitene for bruk og formidling av kulturminnet. Mellom anna ville ein sjå på moglegheitene for formidling gjennom Den Kulturelle Skulesekken (DKS) og ein applikasjon. Bømlo kommune søker no om midlar til gjennomføring av nokre av tiltaka som vart definert gjennom forprosjektet:

- Klasesett med kopi av reiskap frå steinalder og som er funne på kulturminnet. Øksene skal vera skjefte slik at elevane får prøva dei og oppleva korleis det er å bruka steinalderreiskap. Bømlo kommune tar ansvar for vedlikehald av klasesettet. Dette er eit tiltak for DKS.
- Kjøp av pil og boge som elevane kan nytta. Dette fungerer godt i høve til gruppeinndeling og høver både aktivitets- og temamessig. Dette vil vera ein motiverande måte å læra om historie på.
- Gjennom forprosjektet har Bømlo kommune avgjort kva applikasjon dei ynskjer å utvikla for kulturminnet, og det er etablert kontakt med ressurspersonar i høve til relevant teknologi og innanfor arkeologimiljøet for å sikra at det ferdige produktet held høg kvalitet både fagleg og formidlingsmessig. Dei vil laga ein mobilapp der ein via skjermen på mobiltelefonen får sjå korleis landskapet og Sokkamyro såg ut, og ein kan vandra rundt på myra og få informasjon. Bømlo kommune søker no om ein mindre sum for oppstart av arbeidet og for å konkretisera kva innhald applikasjonen skal ha. Kva skal ein sjå, kva informasjon skal ein møte, osv. Kommunen vil samarbeida med universitetsmuseet i Bergen og vil søkja stønad til prosjektet frå ei rekkje kjelder. Innhaldet i applikasjonen kan gjerast tilgjengeleg inne frå Langevåg Bygdatun, slik at alle brukargrupper har høve til å sjå innhaldet. At det er både bilete, tekst og lyd vil gjera at både synshemma og hørselshemma kan ha utbytte av denne formidlingsforma.

Sjå vedlagt søknad frå Bømlo kommune for meir detaljar, særleg om applikasjon. Hordaland fylkeskommune vil følgja opp prosjektet for å sikra at aktiviteten ikkje går føre seg på ein stad der det kan vera fare for forureining av lokalitetar med «nye» avslag. Dette er òg gjort greie for i søknaden frå Bømlo kommune. Eventuelt tilskot frå Riksantikvaren skal nyttast til arbeidet med applikasjon og til steinalderkassen. Pil og boge skal finansierast av eigenandelen til Bømlo kommune.

Budsjett	Kostnad
5 stk bogar inkl. pilar og sikringsutstyr (inkl. mva.)	20.345,-
Steinalderkasse til undervisning med følgjande innhald:	
2 stk buttnakka trinnøks	7.400,-
1 stk spissnakka slipt trinnøks	5.000,-
1 stk vespestadøks	4.000,-
1 stk tjukknakka bergartsøks	5.000,-
1 stk emne til trinnøks	700,-
Komplett pil med rhyolittspiss	1.050,-
Reiskap, dvs knakkestein og gevirreiskap	2.000,-
Ei flintkjerne m. ei handfull flekker/flintknivar	500,-
Oppbevaringskasse	1.000,-
SUM steinalderkassen (inkl. mva)	26.650,-
Implementering av DKS (inkl. mva)	25.000,-
Prosjektleiing (inkl. mva)	25.000,-
Manus/oppstart Sokkamyr-app (inkl. mva)	62.500,-
SUM	159.495,-

Finansiering	
BARK-midlar	79.747,-
Tilskot frå Bømlo kommune	79.748,-
SUM	159.495,-

## Gildeskålbakken, Stord kommune

Søkjar: Stord kommune  
Skilting av mellomaldertuft  
Askeladden ID: 60597

Gildeskålbakken er ei tuft frå mellomalder som er synleg på markoverflata. Tufta ligg rett ved ein nyetablert og mykje nytta tursti som gjer god tilgang til området for alle brukargrupper. Stien vart opna våren 2016, og går i ein boge kring kanten av flata der tufta ligg for å ta omsyn til denne. Tufta vart rydda for vegetasjon i samband med etableringa av turstien, og er no godt synleg i terrenget med markerte vollar. Det er lokale tradisjonar knytt til staden, men det er truleg få av brukarane av stien som er kjend med kulturminnet. Stord kommune søker midlar til å få satt opp eit kulturminneskilt ved stien for å formidla informasjon om kulturminnet og å sikra at folk som ferdast i området tar omsyn til tufta. Stien er lyssett og universelt tilgjengeleg, og det er allereie laga plass til skiltet ved stien. Kommunen vil gjennomføra arbeidet i samarbeid med mellom anna Hordaland fylkeskommune, Sunnhordland Museum, Stord Sogelag, Stord Fitjar Turlag og Friluftsrådet Vest. Stord kommune har ein avtale med Hystad Skule om at skulen årleg skal rydda vekk vegetasjon frå tufta og bruka denne i undervisninga. Det vart gjennomført slik skjøtsel i oktober 2016, og Hordaland fylkeskommune stilte med ein arkeolog som var med på arbeidet og fortalde om kulturminnet til elevane. Trass i at det allereie er fleire tilrettelegte arkeologiske kulturminne i Stord kommune, er dette tiltaket ynskjeleg å gjennomføra fordi kulturminnet er svært godt eigna for tilrettelegging. At staden allereie er tilrettelagt og mykje brukt, gjer at eit skilt vil vera tilgjengeleg for svært mange, og vil synleggjera kulturminnet og verdien og plassen det har i historia til området. Sjå vedlagt søknad frå Stord kommune for meir detaljar om prosjektet.

Budsjett	
Oppgåve	Kostnad
Illustrasjon	6000,-
Fotografering, Odlandsstova	2000,-
Tekst	5000,-
Oversetjing	1000,-
Trykk	1.500,-
Layout	4000,-
Skråskilt med dobbel fot	8000,-
Fundament	4000,-
Sum skilt eks mva.	31.500,-
MVA	6.300,-
Sum skilt inkl. mva.	37.800,-
Administrasjon	12.200,-
SUM	50.000,-

Finansiering	
BARC-midlar	24.000,-
Tilskot frå Stord kommune	26.000,-
SUM	50.000,-

## Kvalvågen, Sund kommune

---

Søkjar: Sund kommune

*Forprosjekt formidling og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne i Kvalvågen*

Askeladden ID: 97070, 97071, 97073, 97074, 97076, 97079, 97082, 97084, 60616, 161054, 161056, 161057, 161058, 15883, m.fl.

Kvalvågen er einaste staden i landet der det er kjent at ein har drive Kvalfangst med pil og boge der pilane er innsett med gift. Fangsten er kjent frå skriftlege kjelder attende til mellomalderen, men kan vera eldre. Saman med steinalderbuplassane i området gjer dette gode moglegheiter for formidling. Det er sterke kulturminneinteresser på Skaganeset og i Kvalvågen, og området har stor nasjonal og regional verdi. Riksantikvaren har tidlegare uttalt i samband med reguleringsplan for Skaganeset at sjansen for å formidla, oppleva og forstå korleis eit landskap har vore føresetnaden for og nytta i tidlegare tider i samband med kvalfangst er einestående i Skogsvågen slik Riksantikvaren ser det.

Målet med prosjektet er å ta vare på og formidla kunnskap knytt til dei arkeologiske kulturminne kring Kvalvågen, samt å formidla historie når ein går i eit naturlandskap med mange kulturminne. Det er mål om at folk skal oppleva kulturminna ute i terrenget gjennom ei turløype, og det er ynskjeleg at delar av turløypa skal utviklast og etablerast for rullestolbrukarar og andre med nedsett funksjonsevne. I samband med vegutbygging i området har kommunen stilt krav om at det vert laga parkeringsplassar som kan nyttast av turgåarar som vil oppleva området og kulturminna. Sund kommune ser for seg ein prosjektperiode på tre år, der forprosjektet skal ta eitt år. Forprosjektet skal førebu og planleggja tilrettelegging av Skaganeset/ Kvalvågen til friluftsområde der kulturminna skal synleggjerast og gjerast tilgjengeleg for publikum. Elles skal det planleggjast korleis kommunen kan leggja til rette for opplevingar og kunnskapsformidling om dei verdifulle kulturminna. Kvalvågen er eit viktig område med lang historie og stor tidsdjupne. Dei mange steinalderlokalitetane sett saman med den nyare tids historia om kvalfangst gjer gode moglegheiter for formidling. Prosjektet er skissert i meir detalj i vedlagt søknad frå Sund kommune.

Søknadssum i søknad sendt Hordaland fylkeskommune var større enn summen Sund kommune har høve til å søkje på med tanke på eigenandel. Søknadssummen er justert ned slik at kravet om 50% eigenfinansiering er oppfylt.

Hordaland fylkeskommune ber om at Riksantikvaren set vilkår om at omarbeiding av prosjektet knytt til redusert prosjektkostnad skal gjerast i samråd med Hordaland fylkeskommune.

Budsjett	
Oppgåve	Kostnad
Fasilitering - møtekostnader	5000,-
Reisekostnader for prosjektleiar	10.000,-
Informasjonsmateriell	50.000,-
Lønsutgifter til prosjektleiar	465.000,-
SUM	530.000,-

Finansiering	
BARC-midlar	265.000,-
Tilskot frå kommunen	165.000,-
Andre tilskotsordningar	100.000,-
SUM	530.000,-